



# Bacheloroppgåva

«Det handlar om den gode vaksne –  
kvar er me?»

«It's about the good adult –  
where are we?»

Jarand Øvreengen Røneid

Kandidatnummer: 3.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett  
Barnehagelærarutdanninga  
Rettleiar: Jostein Rønning Sanderud  
Innleveringsdato: 01.01.2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*



## Avtale om elektronisk publisering i **Høgskulen på Vestlandet sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen på Vestlandet løyve til å publisere oppgåva «Det handlar om den gode vaksne – kvar er me?» i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar.  
Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 3 – Jarand Øvreengen Røneid

kandidatnummer og namn

JA X NEI

## Føreord

Bacheloroppgåva er skriven i løpet av hausten 2017 ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal, og er ein del av barnehagelærarutdanninga. Det har vore svært spennande å jobbe med dette, og eg har lært mykje nyt om temaet eg valte. Eg har lært mykje om korleis ein skrive bachelor og undersøkje det ein skal finne ut, og om det å reflektere over det ein skrive og finne ut, samstundes som ein er kritisk til det. Gjennom å skrive denne oppgåva har eg sjølv blitt meir bevisst i mi tenking av vaksenrolla i barnehagen, og kor viktig den er.

Eg vil takke dei som stilte opp for å bli intervjuet, slik at eg fekk samla inn datamateriale til denne oppgåva. Eg vil også takke biblioteket ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal som hadde mange gode bøker eg kunne bruke til oppgåva mi. Til slutt vil eg sei tusen takk til Jostein Rønning Sanderud for all hjelp og god rettleiing denne hausten.

Desember, 2017.

Barnehagelærarutdanninga.

Jarand Øvreengen Røneid.

Høgskulen på Vestlandet i Sogndal.

# Innholdsfortegnelse

<b>1.0 Innleiing .....</b>	3
1.1 Problemstilling.....	3
<b>2.0 Teori .....</b>	4
2.1 Uteleik .....	4
2.2 Kroppsbevisstheit.....	5
2.3 Vaksenrolla .....	7
2.4 Personalet som gode tilretteleggjarar for leiken .....	8
<b>3.0 Metode .....</b>	9
3.1 Val av metode.....	9
3.2 Intervju .....	9
3.3 Intervjuguide .....	10
3.4 Utval .....	10
3.5 Gjennomføring av intervju.....	11
3.6 Validitet og reliabilitet .....	11
3.7 Feilkjelde og kjeldekritikk .....	12
3.8 Analyse .....	12
3.9 Etiske omsyn.....	12
<b>4.0 Resultat og drøfting .....</b>	13
4.1 Personalet som tilretteleggjarar i utelek i barnehagen.....	13
4.2 Personalet som tilretteleggjarar for å fremje barns kroppsbevisstheit .....	16
4.3 Kvifor er kroppsbevisstheit viktig?.....	20
<b>5.0 Avslutning .....</b>	22
<b>6.0 Litteraturliste .....</b>	23
<b>Vedlegg .....</b>	24
Vedlegg 1: Intervjuguide .....	24
Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema .....	26

# 1.0 Innleiing

Eg valde å skrive om vaksenrolla i uteleik i barnehagen. Grunnen til at eg valde å skrive om dette er fordi dette er noko som interessera meg. Eg har sjølv sett at det er forskjell på kor delaktige me vaksne er i leik med barn. Dette gjelde både å delta i leik, men også å vere den som sette i gang leik. Eg sjølv føler at eg er flink til å bli med barn i leiken, men at eg kan bli flinkare til å sette i gang leik. Så for meg er dette eit interessant tema, som også kan vidareutvikla meg som framtidig barnehagelærar.

Det står i rammeplanen for barnehagen at dei som jobbar i barnehagen skal bidra til at leiken har ein sentralplass, og at leikens eigenverdi skal anerkjennast, så ser me at nettopp dette er viktig. Dei som er tilsett i barnehagen skal sørge for gode villkår for leik, ulike typar leik, både inne og ute. Barnehagen skal bidra til glede, spenning og humor gjennom leik i barnehagen, både med andre og åleine (KD, 2017, s. 20). Barnehagen skal leggje til rette for bevegelse glede, sosialt velvære, og god fysisk og psykisk helse. I barnehagen skal barna bli inkluderte i aktivitetar der dei kan få vere i bevegelse, leik og sosial samanhandling og oppleve meistring ut i frå eigne forutsetningar. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med sin eigen kropp (KD, 2017, s. 49).

Oppgåve er bygd opp med at del 2.0 er teori, der har eg vore innom omgrep som uteleik, kroppsbevisstheit, vaksenrolla og personalet som gode tilretteleggjarar i uteleiken for barn. På del 3.0 har eg skrive om metode, og der har eg skrive om val av metode, prosessane rundt intervju, analyse og etiske omsyn. På del 4.0 går eg over til resultat og drøfting. Eg har valt å ha dette i same del. Der presentera eg resultat, samstundes som eg drøftar det med teori undervegs. Del 5.0 er ei avslutning der eg prøver å fange dei viktigaste poenga i resultat og metodedelen. Del 6.0 er litteraturliste med kjeldene eg har brukt. Heilt til slutt følgje det med vedlegg som intervjuguide, informasjonsskriv og samtykkeskjema.

I denne oppgåva er det spesielt vaksenrolla som har stått i fokus. Korleis dei vaksen kan bidra og leggje til rette for barn sin uteleik, og korleis dette kan fremje barns kroppsbevisstheit. Eg tenkte at det var viktig med vaksne sin posisjon og rollar i leiken, og at ein viste engasjement, men eg hadde ikkje noko klar hypotese på førehand.

## 1.1 Problemstilling

Ut i frå min interesse har problemstillinga mi blitt «Korleis kan personalet i barnehagen leggja til rette for barn sin uteleik for å fremje barn sin kroppsbevisstheit?» Eg avgrensar det til 3-6 år, då det kan bli litt for stor forskjell på alderen elles. Eg vel at dette skal gjelde i uteleik.

Eg har brukt forskingsspørsmål som «Er dei vaksne delaktige i uteleik med barna?», «barna sin reaksjon på vaksen deltaking». og «utviklar barna kroppsbevisstheit og andre ferdigheitar gjennom leik?»

## 2.0 Teori

Teoretisk forankring skal vise kva som er relevant for problemstillinga, og vere eit hjelpemiddel for å få ein god struktur på drøftinga. Teoretisk forankring er noko som betyr mykje for arbeidet (Dalland, O., 2012, s. 42). I dette kapittelet har eg skrive om omgrepet leik og fortel om uteleik. Vidare har eg skrive om kroppsbevisstheit og vaksenrolla. Vaksenrolla går ut på korleis me vaksne deltar og leggje til rette for barns leik. Med å leggje til rette for leik meina eg både å vere passiv og aktiv deltakande i leiken. Det går ut på korleis personalet i barnehagen bidrar til leiken, og korleis dei deltar i leiken. Sjølv om ein vaksen går i ei rolle som tilskodar, så kan dette også vere ein vaksen som leggje til rette for leik.

### 2.1 Uteleik

Her forklarar eg omgrepet leik og nokre forskjellige typar leik. Eg valde å kalle dette kapittelet for uteleik fordi i mi oppgåve er det uteleik som er fokusset. Samstundes er mange av desse typane leik meir typiske uteleikar enn inneleikar. Det er fullt mogleg å leike desse leikane inne også.

Ein måte å forklara leik på er at det går ikkje an å finne ein konkret definisjon på eit så stort omgrep som leik, men her er noko punkt som beskriver leik. Leik er ein mental tilstand, ei førestilling om at det ein gjer no, berre er på liksom. Det handlar om illusjon. Det er viktig at me forstår leikens perspektiv. Leik er ein frivillig handling eller aktivitet som går ut frå barnet sjølv (Skram, D., 2007, s. 51). Det finnест mange ulike typar leik. Nokre av typane leik er bevegelseleik, sansemotorisk leik, rolleleik, regelleik og konstruksjonsleik. Bevegelse leik kan ein også kalle for kroppsleg leik (Osnes, Skaug & Kaarby, 2015, s. 19-20).

I følgje Osnes m.fl., (2015, s. 16) er deira syn på barn at «barn er sin kropp». Vidare forklarar dei at om dette er eit allment syn på barn blant tilsette i barnehagen, så meina dei at dette krev bevisstheit om korleis dagen bør strukturerast, og korleis rom og tid kan gi moglegheit for bevegelse. Vidare forklarar dei at rolleiken har fått stor merksemd, men at Rasmussen sin bok *Orden og kaos* (1996) viser andre sider av leik som er minst like sentrale i kvarldagen til barna. Han er opptatt av både rolege ordleikar og viltre kaotiske leikane (Osnes m.fl., 2015, s. 16).

Vidare fortel Osnes m.fl., (2015, s. 16) at personalet i barnehagen må ha kunnskap om den kroppslege leiken og den sin betydning for barn sin læring, utvikling og danningsprosessar. For å fremja kroppsleg leik er det viktig med eit godt fysisk miljø eller omgivnad, terreng, diverse utstyr og at det er tilgjengeleg.

Når me pratar om den kroppslege leiken i barnehagen, så blir ofte uttrykket «fysisk aktivitet og leik» brukt. Osnes m.fl., (2015, s. 16) seier at mykje av dei fysiske aktivitetane som skjer ute inngår i omgrepet grovmotorisk aktivitet, og at det ikkje kan bli rekna som leik. Kva som kan bli rekna som leik, kan berre definerast av dei som er med på leiken. Om me igjen ser på det Skram (2007, s. 51) seier om leik: Leik er ein mental tilstand, ei førestilling om at det ein gjer no, berre er på liksom. Det handlar om illusjon. Det er viktig at me forstår leikens perspektiv. Leik er ein frivillig handling eller aktivitet som går ut frå barnet sjølv.

Så i denne oppgåva definera eg leik der barna er i aktivitet ute, enten i fysisk aktivitet som springing rundt omkring, hopping, rulling og liknande, eller der dei leikar med leikeapparat som husker, sklier, sandkasse, leiketallerkenar og liknande. Samstundes skal det ikkje vere ein vaksen som har tvunge barna til å gjere noko av dette, men litt påverking og å utfordra dei til å bli med, blir rekna som leik i denne oppgåva.

Det går an å finne barn som leiker på ski. For dei er skiaktiviteten ein leik, men for andre er det kanskje andre motiver for å gå på ski. Dei vil ikkje sei at dei leiker på ski, men at dei går på ski. Eit tredje barn har nettopp lært seg å stå på ski åleine, og når det barn går opp og køyre ned igjen, så vise dette barnet ei kroppsleg glede ved å beherske denne aktiviteten. Samstundes ynskjer dette barnet å bli endå betre (Osnes m.fl., 2015, s. 18-19).

Det er mogleg dette barnet svarar at det går på ski, men forstår ikkje heilt kva me meina når me spør om det leikar. Det er derfor me kan kalle det for kroppsleg leik. Leik handlar om både å bli kjent med eiga kropp og om å eksperimentera eigen kropp sin bevegelse moglegheita (Osnes m.fl., 2015, s. 19).

Begrepet kroppsleg leik er noko som blir nemnt fleire gonger i rammeplanen, og det er noko som får meir og meir merksemd. Derfor er det noko som også bør få større merksemd i barnehagekvardagen enn det har gjort tidelegare. Kroppsleg leik kan definerast som fysisk aktivitet i ein leikande kontekst med energiforbruk godt over kvilenivå. Energiforbruk over kvilenivå går ut på at pulsen er høgare enn den er i kviletilstand. Ein leikande kontekst er ein kontekst der det er leiken i seg sjølv som er målet. Andre omgrep som kan brukast om barns fysiske aktivitet i leikande kontekst er bevegelseleik, sansemotorisk leik, fysisk leik, motorisk leik, og det finnест endå fleire (Osnes m.fl., 2015, s. 145).

Den kroppslege leiken har ikkje vore studert så mykje på før, men i dei siste åra har det blitt meir forsking på dette. Det gjeld og den vaksne sin betydning for barns kroppslege leik. Ulike kroppslege leikar kan vere ferdigheitsleik og vilterleik. Ferdigheitsleik er grovmotoriske eller grunnleggande bevegelsar i ein leikande kontekst. Sjølv om det er leiken som er målet, så øver barna her på å utvikle sine motoriske ferdigheitar. Typiske bevegelsar her er gå, springa, balansera, hoppa og krabbe (Osnes m.fl., 2015, s. 148).

Vilterleik er ein veldig energisk kroppsleg leik. Det kan vere leikar som bryting, jaging, fanging og leikeslåssing. Vilter leik er ein leik som er meir valdsam og fysisk enn ferdigheitsleiken, og ofte høgare støynivå. Her er det ofte mykje sosialsamspele (Osnes m.fl., 2015, s. 150). På grunn av høgare støynivå under slike typar leik, så blir det ofte til at desse leikane førekommer mest ute i barnehagen, og kan kategoriserast som uteleik.

## 2.2 Kroppsbevisstheit

I følgje Osnes m.fl., (2015, s. 15-16) forstår me barn ut i frå deira kroppslege veremåte, og det er gjennom kropp og bevegelse at dei blir kjente med seg sjølv og verda rundt. Det er viktig at barn får moglegheita til

leik og fysisk aktivitet. Kroppen og bevegelse erfaringane til barna heng tett i saman til deira utvikling av sjølvoppfatninga. På grunn av dette er det viktig at barna får erfaringar med eigen kropp, og at dei opplever meistring gjennom bevegelsar. I arbeid med barn i barnehagen er det viktig å stimulera til allsidigkeit og trivsel gjennom leikpregande aktivitetar, slik at barna får eit positivt forhold til sin eigen kropp (Nordbotten, G., 2014, s. 117.)

I rammeplanen står det i fagområdet kropp, bevegelse, mat og helse at barnehagen skal bidra til at barna opplev trivsel, glede og meistring ved bevegelse erfaringar, inne og ute heile året. Barna skal få moglegheit til å vidareutvikla motoriske ferdigheitar, kroppsbeherskelse, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Vidare står det at barna skal ha moglegheit til å bli trygg på eigen kropp, og få ein positiv sjølvoppfating og bli kjent med eigen kropp. Barna skal få sette grenser for eigen kropp, og lære om andre sine grenser. Barna skal få oppleve, vurdere og mestre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar (KD, 2017, s. 49-50).

I følgje Moser, T., (2013, s. 26-27) kan kroppslegheit forklarast som menneskjer sin måte å vere på i verda. I nokon situasjonar som i leik eller idrett, så opplev me oss sjølv som ein heilheit, ein eining mellom meg og kroppen. Barn erfara og skapar seg sjølv, det fysisk og det sosiale miljøet gjennom kroppen. Kroppen er grunnleggjande for kommunikasjon og har stor betyding for sosiale relasjonar. Barn lærer om sin og andre sin kroppslegheit gjennom erfaring og handling.

Kroppsleg utfolding er noko som føregår gjennom bevegelse. I barnehagen er ein opptatt av ulike aspektar ved barns kroppslegheit, som meistring av ferdigheitar som tilsvara alderen på barna, lære om kroppen, å uttrykke kroppslegheita på sosialt aksepterte måtar eller fremje helsa. I løpet av dagen kjem kroppslegheita tydeleg fram, og kanskje mest gjennom den frie og uorganiserte leiken (Moser, 2013, s. 29-30).

Kroppsbevisstheit vil sei korleis me sjølve opplever kroppen vår, reint estetisk, og korleis me bevegar oss og har kontroll på ulike kroppsbevegelsar. For barn kan også det å kunne namn på kroppsdelar vere kroppsbevisstheit. Kroppsbevisstheita handlar om den kunnskapen me har gjennom kroppen.

Kroppsbevisstheita kjem fram når me bevegar oss fritt og naturleg i miljøet. Det går ut på at me ikkje trengs å tenkje bevisst på korleis ein for eksempel skal komme seg forbi eit hinder som ein stor stein framfor deg. Eit anna eksempel er kor djupt ein må bøyge seg for å komme under ein grein i naturen. I denne samanhengen skjer dette automatisk utan noko djup refleksjon (Osnes m.fl., 2015, s. 121).

I mi oppgåva handlar omgrepet kroppsbevisstheit om nettopp dette. At barn lærer om kroppen sin, korleis den fungerar i ute miljøet, kva den kan klare, kva ein sjølv våla og kva andre våla. Det går ut på kor fort kan ein springe i bakkar, eller kor høgt ned kan ein hoppa ned utan å slå seg. Det går ut på det å halde balansen, romorientering, motoriske ferdigheitar og liknande.

## 2.3 Vaksenrolla

Når me er saman med barn er det viktig å vere klar over vår eigen veremåte og kroppslege nærvær. Korleis me er, og korleis rollar og posisjonar me tar, vil påverke barna. I kroppsleg leik og fysisk aktivitet kan me vaksne delta på mange forskjellige måtar, og dei skal eg no gå innpå. I følgje Osnes m.fl., (2015, s. 37) er det fem kategoriar, og dei er følgjande: leikekamerat, leikerettleiar, tilskodar, parallel-leikar og igangsetjar.

Når ein vaksen har rolla som *leikekamerat* deltar ein i leiken som likeverdig med barna. Her kan dei vaksne møte barna sine innspel, og komme med eigne forslag som gir rom for diskusjon og dialog. Her er det viktig at dei vaksne ikkje køyrer over barna (Osnes m.fl., 2015, s. 38). Ein leikekamerat er ein vaksen som er aktiv deltakande i leik med barna. Å delta aktivt i barns leik på denne måten er ein god måte på å utvikle eit varmt og nært forhold til barna (Skram, 2007, s. 146-147).

Ein vaksen som har rolla som *leikerettleiar* har i enkelte situasjonar ein svært viktig rolle. Leikar utviklar seg undervegs, og då er det veldig fort gjere at nokon barn kan få problem med å følgje med på leiken, og dette då ut av leiken. Her er det viktig at den vaksne forstår leiken og følgjer med, og hjelper desse barna som dett ut av leiken, inn igjen i leiken. Så er det også viktig at leiken ikkje blir avbroten og øydelagt (Osnes m.fl., 2015, s. 38-39).

Gjennom å vere *tilskodar* kan me som vaksne få moglegheit til å observera barns motorikk og leikeferdighetar. Då kan me for eksempel sjå om det er motoriske ferdighetar eller andre ting så gjere slik at det er vanskeleg for nokre barn å vere med i leik. Når me er tilskodar kan me observera leiken og vere tilstades å sjå og kommentere det som skjer (Osnes m.fl., 2015, s. 39). Ein vaksen tilskodar er ein vaksen som er aktivt sjåande og tilgjengeleg, både mental og fysisk (Wolf, 2014, s. 117).

I *parallel-leiker* er den vaksne aktiv saman med barna i same type leik, men den vaksne tek ikkje kontakt med barna. Den vaksne leiker rett ved sidan av på ulike måtar, slik at barna kan få nye idear til å utvikle leiken sin (Osnes m.fl., 2015, s. 39). I følgje Skram (2007) kan ein forklare ein parallel-leikar som ein vaksen som leikar med eller er opptatt av den same aktiviteten eller det same materialet som barna, utan å vere direkte involvert i leiken (Skram, 2007, s. 146).

I barnehagen har frileik ein viktig rolle. Frileik bli ofte forstått som leik kvar barna sjølv initierer og styrer leiken sjølv, uavhengig av vaksne sin innblanding. Til sjuande og slutt, så er det barna sjølv som bestemmer om det er leik eller ikkje. Om initiativet til leik skulle komma frå vaksne, så betyr ikkje det at barna ikkje oppfatta det som leik. Så når vaksne startar ein aktivitet, så kan det fortsett vere ein leik for barna. Ein *igangsetjar* kan vere ein vaksen som setter i gang ein leik. Ein igangsetjar kan ta initiativ til leik med enkelt barn, eller ei heil barnegruppa med fellesaktivitet. Det er og mogleg å starte ein aktivitet for seg sjølv, som ein parallel-leikar. Så er det mogleg at barna blir så nysgjerrige å blir med på den leiken. (Osnes m.fl., 2015, s. 41).

## 2.4 Personalet som gode tilretteleggjarar for leiken

For å vere gode tilretteleggjarar for leik, så er det ein fordel at personalet har både kunnskap om barn og at ein sjølv har gode eigenopplevelingar med fysisk aktivitet og leik. Barn er svært oppmerksame på forskjellige måtar. Så om ein vaksen ikkje verkar til å trivst eller har det kjekt i leiken, så er det mogleg at barna vil gjennomskode dette. For å forstå og leggja til rette for barns kroppslegeleik, nysgjerrigkeit og impulsivitet til å utforske eigen kropp, bør dei vaksne i personalet ha kunnskap om barnekroppen, leik og bevegelse læring, fagdidaktikk, konkrete eksemplar på aktivitetar og leikar, utstyr, sikkerheit og førstehjelp (Osnes m.fl., 2015, s. 43).

Så er det og ein stor fordel om dei vaksne har gode eigenopplevelingar med leik i ulike miljø og ulike årstider. Om ein vaksen viser engasjement i leiken, så er det lett at det smittar over på barna. Som vaksen i barnehagen kan det vere lurt å tenke over kva ein sjølv synest er morosamt og kva ein er god til, og tenke over om det kan skape spenning og moro for barna. Gjennom dette vil ein som vaksen ha eit ekstra stort engasjement, og som nemnt tidelegare, så kan det smitta over på barna. Det kan vere lurt om barnehagen skapar ein kultur for at dei vaksne kan vise fram sine eigne leikeaktivitetar til barna, slik at det kan vekke begeistring hjå barna (Osnes m.fl., 2015, s. 43 -44).

Vaksne som engasjerer seg og deltek i barns sin leik, kjem ofte nærmare på bana og blir meir sensitive for barns opplevelingar. Ein får og ein større forståing for barns tenkje, føle-, og handlemåte. Personalet i barnehagen må ha ei empatisk evna slik at ein kan setje seg inn i barns verd. Denne evna vert sterkare om ein er nær barna og nær i leiken. Vaksne som har ei dårleg haldning på å delta i leiken blir sjeldan spurde av barn om å bli med i leiken. Medan vaksne som viser interesse for leiken, blir ofte spurde om å vere med (Åm, E., 1984 i Skram, 2007, s. 145-146).

I forhold til danske barnehagar konkluderte Broström (1998) i sin studie av sosial kompetanse med at pedagogens oppgåve og rolle særleg må rettast mot å leggje til rette for at barn sjølv kan etablera kontakt og relasjonar med andre barn. Personalet skal organisera slik at barna stimulerast til å ta kontakt med kvarandre. Det er viktig at personalet hjelpe barn som ikkje finner leikekameratar, til å komme inn i sosiale relasjonar med andre barn. Som vaksen kan ein gjennom ord og handlingar vere rollemodell for barna. Personalet kan hjelpe barna til å tileigna seg veten og ferdigheitar som er nødvendige for å gå inn i sosialt samspel (Broström, S. (1998) i Lillemøy, O. (2011), s. 211-212).

### 3.0 Metode

Metode deles inn i kvalitativ og kvantitativ. Kvantitative data er noko som blir omgjort til tal. Det vil sei at me for eksempel har spørjeskjema der folk skal plassera seg sjølv på ein skala frå 1-10. Fordelen med dette er at ein får moglegheit til å samle inn meir data på ein effektiv måte (Jacobsen, D., 2010, s. 65). Kvalitative data er at det er data i form av ord, setningar og utsyn. Data blir samla inn gjennom samtalar med menneskjer, eller andre formar der menneskjer utsynn seg skrifteleg eller munnleg. Kvalitativ data blir ofte kalla ein open metode. Dette fordi undersøkjaren prøver å legge få føringar munnleg på den informasjonen samlast inn frå (Jacobsen, 2010, s. 56.).

Grunnen til at eg skrive metode er at resultata ein kan komme fram til gjennom undersøking faktisk er skapt av undersøkinga mi. I følgje Jacobsen (2010) er dette noko me kallar for undersøkingeffekten. Det vil sei at når me menneskjer undersøkjer noko, så opptrer me i forskjellige rollar. Me opptrer ut i frå kva som forventast av oss. Det er viktig å ha kunnskap om metode då det kan vere til hjelp for oss til å tenke kritisk over funna ein kjem fram til (Jacobsen, 2010, s. 19-20).

#### 3.1 Val av metode

Eg bestemte meg tidleg for at eg ville samla inn primærdata og bruke kvalitativ metode. Eg sjølv føretrekte å intervju fagpersonar og intervju dei personleg, og komme med oppfølgings spørsmål om eg lurte på noko eg følte eg ikkje fekk svar på. Det som kan vere litt utfordrande med kvalitativ metode er at det tar tid å intervju mange folk. Så her er det viktig at ein tar seg nok tid til å intervju så mange ein treng for å få nok datamateriale.

Gjennom intervju er det mogleg å få ein god relasjon og samanhandling med dei som blir intervjuia. Eg valte å intervju dei personleg, og det gjorde eg fordi eg ville oppnå ein god relasjon og samanhandling med dei eg intervjuia, samstundes som eg kunne sjå kroppsspråket deira. Kroppsspråk kan sei mykje om kor ivrig og kva ein meina om det ein seier, og eg ville ikkje gå glipp av den moglegheita.

#### 3.2 Intervju

Eg har intervjuia to personar ansikt til ansikt. Her var det viktig for meg at intervjuia blei opne. For å få gode svar er det viktig at spørsmåla ikkje er lukka, men at dei er opne slik at den som blir intervjuia får moglegheit til å sei sin eiga mening. Sidan eg hadde valt intervju ansikt til ansikt, så var det avgrensa kor mange ein kan intervju. Det er på grunn av praktiske orsakar som at det vil ta for mykje tid og resursar å intervju altfor mange. Når eg skulle intervjuia måtte me avtale møteplass og møtetidspunkt. Det tar tid både å organisere og gjennomføre intervjuet (Jacobsen, 2010, s. 87-88.). Fordelen med ein kvalitativ metode med intervju er at ein møter personar personleg, og at ein går grundig gjennom spørsmåla i lag. Den som blir intervjuia får moglegheit til å svare på spørsmåla på si eiga måte med eigne ord (Jacobsen, 2010, s. 56).

### 3.3 Intervjuguide

Målet mitt var at intervjeta skulle vere opne. Samstundes var det viktig for meg at intervjetet var litt strukturert, men ikkje heilt fastlåst. Det var viktig for meg at eg hadde ein plan på dette. Slik som Jacobsen (2010) forklarar vidare her. Det kvalitative intervjetet bør heller ikkje vere heilt strukturert. Me bør som regel lage til ein intervjuguide (Jacobsen, 2010, s. 91). Vidare seier han at i ein intervjuguide skal det vere ein oversikt over kva tema me vil belysa.

Eg lagde ein intervjuguide med forskingsspørsmål for min eigen del, samstundes som eg lagde spørsmåla på førehand. Eg lagde spørsmål som skulle vere opne nok til at dei som vart intervjeta skulle ha moglegheit til å svara på sin måte, og lagde spørsmåla i ein naturleg rekkjefølgje. Eg hadde i bakhovudet at under intervjetet måtte eg vere open for endring i rekkjefølgja og komme med oppfølgingsspørsmål. I følgje Larsen, A., (2017) kallast dette semistrukturerte intervju: intervju med fleksibel intervjuguide. Det vil sei at det blir brukt ein fleksibel intervjuguide under intervjetet. Her har ein ferdig formulerte spørsmål og/eller stikkord, men ein er fleksibel med tanke på rekkjefølgja, og at ein stiller oppfølgingsspørsmål. Ofte blir det stilt oppfølging spørsmål for at den som blir intervjeta skal utdjupa eller vere meir konkret (Larsen, 2017, s. 97-98). Eg hadde ein pilotstudie der eg testa ut intervjuguiden min på ein medstudent. Det var veldig lurt å ha pilotstudie då eg fekk ein forsmak på korleis det var å intervju, samstundes så eg fekk testa spørsmåla mine. Der fekk eg tips på kva spørsmål som var gode, og kva spørsmål som måtte endrast. I ettertid ser eg at eg kanskje burde hatt pilotstudie på ein person som jobbar i barnehage, for å få endå meir erfaringsbaserte svar. Dette kunne hjelpt meg til å lage enda betre spørsmål til intervjuguiden min.

### 3.4 Utval

Det er viktig å velje kven ein skal intervju, og vere bevisst i dette valet. Dei personane eg valte å intervjeta har fått ei betydning for mi undersøking. Når ein brukar kvalitative metodar, slik som eg gjorde, så er det ikkje tilfeldig kven ein brukar til undersøkinga. Det kallar me ikkje-sannsynleg utveljing. Her kan me ikkje veta om utvalet representerar populasjonen. Så her kan me ikkje gje ein statistisk generalisering. Innanfor ikkje sannsynleg utveljinga har eg brukt snøballmetoden. Dette er då undersøkjaren tar kontakt med personar ein antar kan mykje om det aktuelle temaet (Larsen, 2017, s. 89-90).

Eg sjølv valte å intervjeta ein pedagogisk leiar og ein styrar. Begge personane hadde mange års erfaring, men den pedagogisk leiaren var forhaldsvis ung, medan styraren var eldre og hadde endå meir erfaring. Desse to vart valt ut i frå at eg antok at dei kunne mykje om mitt tema, og sidan dei har jobba mange år i barnehage hadde dei opplevingar innanfor temaet sjølv. Den eine som er blitt intervjeta kallar eg for Kari. Kari er utdanna førskulelærar (barnehagelærar), og har jobba i 16 år. Ho har jobba eit år som styrar, og resten som pedagogiske kleiar, og litt spesialpedagogikk innimellom. Den andre som vart intervjeta kallar eg for Berit. Ho er utdanna førskulelærar (barnehagelærar), og har jobba i 25 år. Ho jobbar som styrar. Desse to jobbar i same barnehage. Eg presisera at dette er fiksjonelle namn.

### 3.5 Gjennomføring av intervju

Kari og eg valte å ta intervjuet på kontoret hennas, medan Berit og eg valte å ta intervjuet på eit møterom i barnehagen. Eg føle i ettertid at desse to plassane var gode til å ha intervjuet på også. Under intervjuet brukte eg bandopptakar slik at eg skulle få med meg absolutt alt som blei sagt. Fordelen med dette var at eg kunne notere mindre undervegs, og ha meir blikkontakt med dei som vart intervjuet. På førehand kunne ikkje eg vite om dei som skulle bli intervjuet reagerar negativt på bandopptakar (Jacobsen, 2010, s. 93). På førehand leverte eg ut eit informasjonsskriv og eit samtykke skjema. I samtykke skjemaet mitt stod det at eg ville bruke bandopptakar.

Eg valde tidleg at eg ville ha eit ansikt til ansikt intervju. Fordelen med dette er at det aukar moglegheita til å få personleg relasjon mellom oss, noko som kan bidra til ein meir open samtale. Samstundes fekk eg moglegheit til å observera deira kroppsspråk og ansiktuttrykk, noko som gjorde at eg fekk ein større forståing for dei. Det negative er at det tar mykje tid å få gjennomført dette (Jacobsen, 2010, s. 95).

Undervegs i intervjuet var eg opptatt av at eg satt i ein lyttande posisjon. Det er ikkje nokon fasit på korleis ein skal sitta, men ein bør unngå å sitta tilbake lent med armane i kors. Me bør heller ikkje vera for aktive og framoverbøygde. Det er fort føre å føla seg angripen for intervjuobjektet då. Så eg satt meg i ein posisjon så var normal for meg når eg er interessert i noko. Undervegs i intervjuet passa eg på at eg nikka og sa bekreftande «m-mm» lydar. Dette fordi det var eit mål for meg å skapa ein atmosfære i intervjuet slik at den som blei intervjuet snakka mest mogleg. Det var mi oppgåva som intervjuar å sørga for at dei som blei intervjuet følte seg forstått (Jacobsen, 2010, s. 98-99).

### 3.6 Validitet og reliabilitet

Validitet og reliabilitet er viktig å vurdera heile vegen når me undersøkje. Validitet betyr relevans eller gyldigheit. Det vil sei at validitet i kvalitative studiar handlar om stadfesting, truverdighet og overføringsverdi. Forenkla sagt vil validitet i kvalitative studiar sei i kva grad me undersøkjer det me faktisk skal undersøkje. Det betyr at validitet handlar om at me samlar inn data som er relevante for problemstillinga vår. Denne kvalitative studien har som mål og fortolke det som blir studert. Då er det viktig å vere truverdig, og at fortolkingane er gyldige. Gjennom kvalitative undersøking har ein som mål kunne overføre det ein har oppdaga til andre (Larsen, 2017, s. 93-94). Reliabilitet handlar om nøyaktigkeit eller pålitelegheit. Det vil sei at undersøkinga er nøyaktig og påliteleg (Larsen, 2017, s. 94). Under intervjuet brukte eg mobilen min til lydopptak slik at eg kunne høre igjennom svara i ettertid, som bidrog til at intervjuet blei meir nøyaktige i ettertid.

Truverdighet er eit nøkkelord i denne samanhengen. Det går ut på om undersøkinga er gjort på ein tillitvekkande måte. Det er viktig at ein skrive om korleis ein har gjort undersøkinga, slik at andre kan teste det ut, og komme fram til same resultat (Ringdal, K., 2013, s. 248).

### 3.7 Feilkjelde og kjeldekritikk

Når ein intervjuer nokon, så er kjelda di eit anna menneske. Derfor er datainnsamlinga her svært avhengig av dei personane du intervjuar. Når me undersøkjer, så bør me alltid forsikre oss om at me har fått dei riktige kjeldene å stille kritiske spørsmål. Sjølv om me har fått tak i riktige kjelder, så er det ikkje sikker kjeldene gir frå seg riktig informasjon. Derfor er det viktig som undersøkjer at ein er kritisk til kjeldenes evne til å gi riktig informasjon om det ein studera (Jacobsen, 2010, s. 146-147). Ein må og vere obs på at dei som blir intervjuet kan forstå spørsmåla feil, og dei derfor kan ha svart noko anna enn dei eigentleg hadde meint om dei forstod spørsmålet riktig. Det er viktig at ein heile tida tenkjer på om det ein finne ut gjennom undersøking passar til problemstillinga ein har valt (Dalland, 2012, s. 72). Det er mi oppgåva som undersøkjer at dei som blei intervjuet forstod spørsmåla.

### 3.8 Analyse

Analyse handlar om å studere teksten for å sjå mønstra og samanhengar. I kvalitative undersøkingar er dette ein prosess som går ut på koding, kategorisering og å finne mønstre. I kvantitative metodar er det vanleg å laga tabellar og figurar, men dette eignar seg ikkje så godt i kvalitative metodar. Analyse av kvalitative data handlar om å jobba med ein menge tekst. Her skal ein redusera datamengda. Det vil sei at ein fjerner det som ikkje er relevant for problemstillinga (Larsen, 2017, s. 119). I følgje Jacobsen (2010) startar all kvalitativ analyse med rádata. Rádata kan vera intervju, der intervjuet er transkriberte. Ein prøver heile tida å sjå dataen i ein større samanheng, og samanlikna dataen i dei forskjellige intervjuet. Der kan ein sjå etter det dei har til felles og det som skil dei frå kvarandre (Jacobsen, 2010, s. 126).

I mitt tilfelle måtte eg analysera intervjuet mine. Intervjuet mine er transkriberte og kategoriserte. Så det var dei transkriberte dokumenta mine som var utgangspunktet for analysefasen. Sidan eg brukte mobilen min som lydopptakar, så hadde eg moglegheita til å høre alt som vart sagt på nytt, og det gjorde slik at eg ikkje gjekk glipp av noko som blei sagt. Itilegg gjorde det slik at eg fekk skrevet alt nøyaktig slik det blei sagt. Hadde eg notert undervegs utan lydopptakar kan det hende eg ikkje hadde fått med meg alt, og dermed øydelagt poenget i noko som vart sagt.

### 3.9 Etiske omsyn

Eg lovde informantane anonymitet med eingong. Dette fordi utan eit løfte om anonymitet kan mange velje å sei nei til å delta. Eg har fått opplysningar om barnehagane til dei eg intervjuer, og då er det viktig at eg sørger for at det eg har skrive i teksten min ikkje kan identifiserast tilbake til enkeltpersonar eller barnehagar. Når det ikkje går an, då kallast det anonymiserte opplysninga (Dalland, 2012, s. 102-103). Det er ingen som kan tvingast til å delta på undersøkinga, så det er viktig at den som skal delta gjere det frivillig og på eit sjølvstendig grunnlag. Dei som deltar har og retta til å trekke seg når som helst utan at det skal bli nokon negative konsekvensar for ho/han (Dalland, 2012, s. 105). Eit informert samtykke er at den som skal undersøkast, skal delta frivillig, og vete om både farar og gevinstar med å delta (Larsen, 2017, s. 31).

## 4.0 Resultat og drøfting

I denne delen skal eg analysere intervjeta mine, og sjå samanhengar og mønstre i dei. I følgje Larsen (2017) er dette ein prosess som går ut på koding, kategorisering og å finne mønstre (Larsen, 2017, s. 113). Her kjem eg til å både presentere resultata frå intervjeta mine med Kari og Berit, samstundes som eg drøftar dei undervegs med teori.

### 4.1 Personalet som tilretteleggjarar i uteleik i barnehagen

I ein barnehage kvar dag er det vanleg å vere ute i løpet av dagen. Kor ofte variera nok frå barnehage til barnehage. Kari fortalte at dei var ute to faste økter om dagen, noko som også Berit fortalte.

*«Me er mykje ute for å ha fokus på psykisk helse, meistring, og at det er plass til fleire typar leik, herjing, vatn, mykje sigling om vinteren og turar, detta med motorikk» – Kari.*

*«Me er oppteken av at uteleiken er ein viktig del av ungane sin utvikling. Det er mykje læring i uteleiken» – Berit.*

Som Kari fortalte så finnест det fleire typar leik. Dette blir bekrefta i teorien av Osnes m.fl., (2015, s. 19-20) der det blir skriven at det finnест fleire ulike typar leik. Nokre eksempel som blir nemnt er bevegelse leik, sansemotorisk leik, rolleleik, regelleik og konstruksjonsleik. I rammeplanen står det at dei som er tilsett i barnehagen skal sørge for gode villkår for leik, ulike typar leik, både inne og ute. Barnehagen skal bidra til glede, spenning, humor gjennom leik i barnehagen, både med andre og åleine (KD, 2017, s. 20).

Kari fortalte at dei er opptatt av meistring. Opplevinga av meistring er veldig viktig for at barna skal bli engasjerte og motiverte (Osnes m.fl., 2015, s. 22). Barna må vere motiverte for å bli med eller for å fortsette ein leik. Det er viktig at barna er motiverte for leiken om dei skal ha utvikling og læring. Berit fortalte at det var mykje læring i uteleiken, og i følgje Osnes m.fl., (2015, s. 21) så er det frå barns perspektiv det å skape forståing for seg sjølv og omverda motivet i både leik og læring. Så her ser me at leik, utvikling og læring henge tett saman, og då er det også viktig at barna er motiverte for å leike og lære.

Vidare fortelte Kari at personalet er delaktige i uteleiken med barna, men at det er meir i nokon periodar, og mindre i nokon periodar. Ho fortalte at personalet sannsynlegvis blir påverka av kvarandre, og at i periodane det dabbar av må dei ta det opp med kvarandre og bli einige om å blir meir aktive i leiken. Berit sa at målet deira er å vere aktive i leiken med barna, og at dei er det. Så eg spurde Berit kvifor dei var aktive i uteleiken med barna:

*«Det er for å for eksempel hjelpe barn som ikkje kjem så lett inn i leiken, hjelpa dei og å vere rollemodell for ungane. Me jobbar veldig mykje med vaksenrolla, og uteleiken er ikkje noko friminutt for dei vaksne. Før i tida var ofte uteleiken sett på som ei rolegare tid for dei vaksne. Det*

*skjer masse i uteleiken så me vaksne må ha med oss. Både i forhold til mobbing og korleis me er med kvarandre» – Berit.*

Berit fortalte at dei jobba mykje med vaksenrolla. I teorien står det at det er viktig at personalet er klar over eigen veremåte og kroppslege nærvær. Korleis me er, og korleis rollar og posisjonar me tar, vil påverke barn (Osnes m.fl., 2015, s. 37). Då tenkjer eg at dette er med på å påverke barna for kor motiverte dei er for leiken også. Dei vaksne kan ha fleire rollar og posisjonar i leiken, og det er viktig å vere klar over dei. Berit fortalte også at uteleiken ikkje skal vere noko friminutt for dei vaksne, så her opplevde eg at ho også er opptatt av at dei vaksne skal ta rollar og posisjonar i uteleiken.

Ein rolle kan vere *leikerettleiar*. Ein leikerettleiar har ein viktig oppgåve i å hjelpe barn som ikkje kjem så lett inn i leiken. Leiken vidareutviklar seg fort, og då er det fort gjort at barn dette ut av leiken. Her er det viktig at dei vaksne følgjer med, og hjelpe dei barna som fell ut av leiken, eller ikkje kjem inn i leiken (Osnes m.fl., 2015, s. 38-39). Det er viktig at personalet hjelper barn som ikkje finn leikekameratar, til å komme inn i sosiale relasjonar med andre barn. Gjennom ord og handling kan vaksne vere rollemodellar for barna (Broström, S. (1998) i Lillemøy, O. (2011), s. 211-212).

Så ovanfor her ser me at det er viktig at me vaksne er rollemodellar for barna, og at me hjelper dei til å komme inn i leiken. Slik som Berit også fortalte. Over tid er det viktig med sosiale relasjonar, og det får ein nettopp gjennom leik. For å oppnå dette er det viktig at dei vaksne er tilstades mentalt og fysisk i leiken, slik at dei kan vere rollemodellar og hjelpe til. Så når eg spurte Berit korleis personalet stimulerte til uteleik, så fekk eg dette svaret:

*«Å vere der som barna er. Ta deira innspel, og hjelpa dei som trenge det. Kanskje vidare utvikla ein leik, og gripe inn der det er behov. Om du ikkje er aktiv i leiken, så er me veldig oppteken av at du skal vera der, visst da skjer noko så veit du kva som har skjedd» - Berit.*

Så me ser at Berit fortalte at personalet i hennas barnehage er der barna er, og at ein hjelpe dei som trenge det. Sjølv om ein ikkje er aktiv i leiken, så skal ein vere der. Kari seier også at dei vaksne både leggje til rette for og deltar i leik. Samstundes så må ein ikkje vere fysisk med i leiken for å bli rekna som aktiv i leiken. Med fysisk her tenkjer eg på den som for eksempel aktivt sklir i sklia med barna. Så om me ser på rolla *tilskodar*, så er det ei som går ut på å observere leiken og vere tilstades og kommentere det som skjer (Osnes m.fl., 2015, s. 39) .Dette blir bekrefta av Wolf (2014, s. 117) som seier at ein tilskodar er ein som er aktivt sjåande og tilgjengeleg, både mentalt og fysisk deltagande. Så i følgje Wolf ser me at ein kan aktivt sjå på og vere tilgjengeleg, og at det kan bli rekna som mentalt og fysisk. Så om ein hjelpe barna for eksempel opp sklia, kommentere at barna er flinke og tøffe, og vise at ein er der, så kan barna rekna den vaksne som med i leiken både mentalt og fysisk.

Berit sa at dei *tar innspela til barna*. Dette kan ein forstå som ein *leikekamerat*. Ein leikekamerat er ein vaksen som deltar i leiken som likeverdig med barna. Her kan ein møte barna sine innspel (Osnes m.fl., 2015, s. 38). Gjennom å vere leikekamerat kan ein vaksne utvikla eit nært og varmt forhald til barna (Skram, 2007, s. 146-147). Å skape eit godt forhold til barna er kjempe viktig i barnehagen, og bidrar til eit godt samspel i barnehagen mellom vaksne og barn. Både Kari og Berit seier at det verkar til at barna tykkjer det er kjekt at dei vaksne deltar i leiken. Når barna tykkjer det er kjekt, så bidrar det til eit godt forhald, og eit godt samspel mellom barna og dei vaksne. Dette kan også føre til at barna blir meir motiverte for leik, som igjen førte til utvikling og læring.

Når Kari fekk spørsmålet om korleis personalet stimulerte til uteleik svarte ho:

«*Me legge opp til litt forskjellig slik at me er på tur og leikar, og tilrettelegging av vaksne eller at dei vaksne er med*» - Kari.

Dette kan me kalle for ein *igangsetjar*. Det er ein vaksen som tar initiativ til leik med enkelt barn eller ei stor barnegruppa med fellesaktivitet (Osnes m.fl., 2015, s 41). Å legge opp til leikar kan bidra til at alle barn leikar. Det kjem situasjonar der eit par barn kanskje ikkje er så ivrige på å leike, så då kan ein prøve å hjelpe dei i gang. Her må ein og passe på å motivera barna til å bli med, og ikkje «tvinge» dei. Då vil det ikkje vere leik.

Rollar som igangsetjar, leikerettleiar, tilskodar og leikekamerat går ut på at barnehagepersonalet deltar i leiken, men med ulike tilnærmingar. Så derfor spurte eg Berit om kva som avgjer kor deltagande dei vaksne er i uteleiken, og ho fortalte dette:

«*Eg tenkjer at dei vaksne må vurdera den leikesituasjonen. Det kan henda at dei i den situasjonen trenge å gå inn. Dei må ha ein evne til å vurdera det som skjer der og då, og så må dei sjå om det er behov for om eg skal vere med i leiken eller nok at eg er på sidelinja. At dei må ta dei vurderingane fortløpende, dette nokon ut, kan eg hjelpe dei inn att på ein måte. Du må vera heile tida vera på for å vurdera korleis rolla eg skal ha*» – Berit.

Dette definerer godt kva rolle ein som vaksen i barnehagen har, og speglar leikekamerat, leikerettleiar, tilskodar, parallel-leik og igangsetjar. For å vere gode til desse må ein ha kunnskap om leiken, og i teorien står det at det er ein fordel om personalet har kunnskap om barns leik og at ein sjølv har gode eigenopplevelingar med leik og fysisk aktivitet (Osnes m.fl., s. 43). Når ein har barnehage personale som er flinke til dette, så vil det og vere lettare å påverke barna på ein positiv måte, slik at dei blir motiverte til å leike, som igjen bidrar til utvikling og læring.

Eg spurte så om det var noko forskjell på kor mykje dei forskjellige vaksne deltok i forhald til forskjellige typar uteleik. Kari og Berit fortalte at:

*«Eg tykkje da handlar mykje om korleis dei vaksne er, kor mykje dei tåre, kva dei likar, sånn som eg likar å springa og herja og klatra i trea, men for nokon blir da kanskje utanfor deira konforsona. Nokon likar best rolleleiken, og å laga kakestykke i sandkassen og kjøpa og butikk og den type. Men eg tykkjer det er meir kjekt med springing og herjing og ut i skogen og balansera, og kanskje snekra noko» - Kari.*

*«Det er forskjell på folk, og me jobbar mykje med vaksenrolla i barnehagen, og me har mykje fokus på dette me å vera ute og korleis me er i uteleiken då. Vaksenrolla i uteleiken, kvar er me, står me å prata, og nokon har jo personlegdom så gjere at ein glir rett inn i leik, og nokon må jobba meir for å gjera det» - Berit.*

Så då stiller eg meg dette spørsmålet: Er det ikkje berre til å delta i alle slags leikar uansett kva du sjølv likar, og å sjå glad ut? I følgje Osnes m.fl., (2015) er det ikkje slik. For å vere ein god tilretteleggjar i leik, så er det ein fordel om personalet har kunnskap om barn og at ein sjølv har gode eigenopplevelingar i fysisk aktivitet og leik. Om ein vaksen ikkje trivst eller visar engasjement i leiken, så vil barna fort gjennomskode dette (Osnes, m.fl., 2015, s. 43).

Så då ser me at det faktisk har noko å sei kva dei vaksne sjølv føler. Kanskje nokon av dei vaksne har dårlege erfaringar sjølv med leik i sandkasse, i huska, klatringa i trea eller med ballspel? Vaksne som har ei dårleg haldning på å delta i leiken blir sjeldan spurta om å bli med i leiken (Åm, E., 1984 i Skram, 2007, s. 145-146). Kari fortel at det er lurt at personalet brukar kvarandre og gjere kvarandre gode i leiken. Så då tenkjer eg at kanskje om ein person har dårlege erfaringar med ballspel, så får me prøve å gjera slik at dei andre i personalet deltar istadan for i ballspel, og så får den som ikkje likar ballspel delta i andre leikar.

4.2 Personalet som tilretteleggjarar for å fremje barns kroppsbevisstheit  
Eg sjølv undra meg over om utdanna barnehagelærarar sjølv tenkte at personalet i barnehagen kan bidra til at barna utvikla kroppsbevissttheita si. Så då tok eg å spurde to utdanna barnehagelærarar om det.

*«Ja, det trur eg. Så trur eg og at her har me gode moglegheita for å gjere det, for me har mange ting som kan vera skummelt, men så på ein måte så er det innanfor rammene på det som er trygt og greitt og eg trur at det er i barnehagen ein må læra det, for det er mange som ikkje får læra det heima. Det er mange som ikkje er på tur eller ute i skogen anna enn når dei er i barnehagen. Så det ser me jo lett at det skal så lite til for å bli nytt og spennande for dei» – Kari.*

*«Ja. Det er jo å gi dei utfordringar. Slik at dei ser kva dei meistra, og at dei klarar det. Me er med barna, om dei balansera på ein benk, så passa me på og prøve å utfordra barna. Me er med dei, gjere det først eller i lag med dei. Det handlar om den gode vaksen, ko me? Det er masse me kan gjere i ein situasjon om ein er med. Det er vinn-vinn for alle» - Berit.*

I rammeplanen står det i fagområdet kropp, bevegelse, mat og helse at barna skal få moglegheita til å vidareutvikla motoriske ferdigheitar, kroppsbeherskelese, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Barna skal få bli trygg på eigen kropp, og få ein positiv sjølvoppfatning og bli kjent med eigen kropp (KD; 2017, s. 49-50). Både Kari og Berit meinte at personalet i barnehagen kunne bidra til å utvikle kroppsbevisstheita. Så då veit me vertfall at to utdanna barnehagelærarar meina det.

Når ein for eksempel balansera på ein benk, så får barna moglegheita til utvikla motoriske ferdigheitar, kroppsbeherskelese, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Kva då om barna ikkje vil balansera på den benken fordi dei ikkje tørr, eller ikkje stolar på seg sjølv? Så om me tar opp at noko av det Berit sa ovanfor her: «*Me er med dei, gjere det først eller i lag med dei. Det handlar om den gode vaksne – kvar er me? Det er masse me kan gjere i ein situasjon om ein er med. Det er vinn-vinn for alle*». Kanskje det er nettopp det som skal til? At den vaksne er på og visar at han/ho er der med barna. Om barna ikkje tørr, så kan den vaksne gjere det med barna. Her kjem me også inn att på rollane leikerettleiar, leikekamerat, tilskodar, parallel-leikar og igangsetjar. Der Berit fortalte at ein kan gå over benken med dei, eller gjere det først. Ho nemnte og igjen at det er viktig at dei vaksne er tilstades der barna er.

For at barna skal utvikla motoriske ferdigheitar, kroppsbeherskelese, koordinasjon og fysiske eigenskapar så er det viktig at barnehage personalet jobbar bevisst med dette, sjølv om det er mogleg at dei utviklar det naturleg i uteleiken også. Koordinasjon er å samordna bevegelsane våre i forhold til andre og omgivnaden (Gjerset, A. Holmstad, P., Raastad, T., Haugen, K., Giske, R. 2012, i Nordbotten, 2014, s. 155). Balanse er evna vår til å oppretthalde likevekta når bevegelses utgangspunktet blir endra (Nordbotten, 2014, s. 155). Eg spurde Berit og Kari korleis dei sjølv jobbar bevisst med at barna skal få lære å kjenne sin eigen kropp, og kva barna og kroppen deira kan klare.

«*Eg jobbar bevisst med at eg pushar dei litt, og springe med dei, og får dei med. Eg prøve å vere eit godt førebilete, for eksempel at eg kan stå på hovudet i snøen og rulla meg i snøen for å få dei til å gjere det same som meg. Sånn at dei kanskje ikkje første gang, men kanskje andre eller tredje gangen får lyst til å vere med*». – Kari.

«*Eg prøve å sjå kor barna er. Å so prøve eg å sjå kor det barna er i utviklinga si, så prøver eg å pusha dei og at dei skal klara ting sjølv, og at dei skal våga. Hjelpa dei til å begynne med, og så plutsleleg tåre dei. Hjelpa dei i sklia, halda dei i handa i starten, og at du er der og hjelpe dei, og pushe dei litt*» - Berit.

Her ser me at Kari nemnar førebilete, det har me vore innom i førige underkapittel. Berit nemnte her at det er viktig å hjelpe barna i for eksempel sklia, som me også var innom i førige underkapittel. Så igjen ser me at det å vere rollemodell, og dei forskjellige posisjonane og rollane dei vaksne kan ta er viktige .

Det er viktig at vaksne i arbeid med barn stimulera til allsidigkeit og trivsel gjennom leikpregande aktivitetar, slik at barna får eit positivt forhold til sin eigen kropp (Nordbotten, 2014, s. 117). Både Berit og Kari fortalte at dei prøve å utfordra og pusha barna, samstundes som dei viser at dei er der for barna, og prøve å vere gode rollemodellar. Så om me igjen ser på Osnes m.fl., (2015) sine fem kategoriar på korleis vaksne kan delta i leik. Dei er leikekamerat, leikerettleiar parallellell-leikar, tilskodar og igangsetjar. Tar du igangsetjar rolla, så kan du for eksempel utfordra barna til å klatre i klatrestativet. Kan hende barna tørr det, men kan og hende dei ikkje tørr det. Om dei tørr det, så har du oppnådd målet ditt. Om dei ikkje tørr det, kva gjere du då? Då kan ein kanskje gå over til å bli leikekamerat og gjere det saman med dei, som Berit sa «*Hjelpe dei til å begynne med, og så plutselig tåre dei.*» Gjennom å klatre i klatrestativet kan ein utvikla for eksempel motoriske ferdigheitar, balanse og koordinasjon, som igjen går under kategorien kroppsleg bevisstheit.

Om barna leikar ute med jage-fange leikar som sisten, og du som voksen ser at dei berre springe på relativt flatt terreng. Så er det ein moglegheit å bli med som ein leikekamerat, men at du som voksen springe der det er ujamn terreng. Du tar rolla som parallellell-leikar, og prøve å utvikla leiken på den måten. Kanskje barna følgjer etter, fordi det ser spennande ut. Både Berit og Kari har fortalt at det er viktig å vere rollemodellar, vise barna sjølv kva ein kan gjere, og hjelpe dei.

Etter kvart når barna tørr, så kan ein trekka seg ut av leiken å gå inn i rolla som tilskodar. Vere der fysisk og mentalt, komme med kommentarar, men la barna styre på sjølve. Om ein ser at det så er nokre barn som ikkje tørr, så kan ein gå inn i rolla som leikerettleiar og hjelpe spesifikt dei barna det gjeld. Berit fortalte at ho deltar i leiken for å fremje barns kroppsbevisstheit på denne måten:

*«Prøve å vera ein god rollemodell, prøve å vera tilgjengeleg for dei, prøve å dra i gang ting, få med dei som ikkje vil, sjølv om det kan vera utfordrande av og til, då må ein kanskje gå litt forskjellige vega, og prøva å dra i gang ting. Det handlar mykje om å vera der barna er, og vera ein god observatør, og gå inn der det er behov. Trekka inn barna, eller dra i gang noko med dei barna som ikkje er med i leiken»* - Berit.

Berit seier at det er viktig å vera ein god observatør, og gå inn der det er behov for å for eksempel prøve å tekka inn barna som ikkje er med. Så her kan ein gjere det om til ein leikerettleiar som prøve å hjelpe eit barn som ikkje tørr å delta i leiken. Etter kvart kan dette bidra til at dette barnet blir med på grunn av den vaksne, og til slutt tørr kanskje dette barnet å delta utan den vaksne.

Eg spurde Kari det same spørsmålet og ho fortalte:

*«Då må me kjenna barna, og me må kjenna ein og ein sine behov, og med at nokon er sjenerete og ikkje vil vera med i leiken, og detta med at nokon vil alltid styra og ikkje teke omsyn til andre enn seg*

*sjølv, og at eg tenkjer at eit godt grunnlag er å kjenna ungane godt. Så me må bruka heile personalgruppa, og bruka møte på å diskutera dette barnet, og diskutera situasjonar, og ta med praksisforteljingar og sei at sånn og sånn, og korleis kan eg best hjelpe dette barnet å ha det kjekt i leiken» - Kari.*

Kari fortalte at ein må ha kunnskap om ein skal drive leiken, trekkje seg ut, når ein skal bli og når ein ikkje skal bli med. Dette kan me kople innanfor omgropa leikekamerat, parallell-leikar, tilskodar, igangsetjar og leikerettleiar. Så på måten Berit og Kari forklarar, så kan ein spegle desse omgropa fleire plassar, og det viser at desse omgropa kan vere viktige for korleis barnehagepersonalet kan leggje til rette for uteleik for å fremje barns kroppsbevisstheit.

Eg spurte om dei oppleve at barna kan lære om kva deira kropp kan gjere og tåle gjennom uteleik. Kari fortalte:

*«Ja. Når me går til lavvoen for eksempel, så er det bratt opp, og då me skal ned att får dei springa så fort dei har lyst, og så møtest me med ei grind. Og der dette dei ofte, og der lære dei noko om at ein spring for fort, så dett ein og får vondt. Samstundes tykkje dei det er morosamt, så me høyre dei ler medan dei kjem seg opp att og spring vidare. Så dei lære samtidig at dei kan skada seg, men og at det er kjekt. Og når dei klatrar, så lære dei og noko om korleis dei må bevega seg for å komma seg opp, og lære noko om kor sterke dei er, og korleis dei skal halda seg, eller korleis dei skal løfta seg. Så eg føle dei lære mykje meir om kroppen sin og seg sjølv når dei er ute enn når dei er inne. Inne så blir da meir sitta med eit bord, ikkje bruka ute stemma, ikkje springa, det er så mange begrensingar. Ute så er det fritt fram» - Kari.*

Kari fortalte at dei går til ein lavvo, og når dei går til den, så er dei ute i naturen. Naturen er ein god læremestar både når det gjelde stimulering av fysisk kapasitet og motoriske ferdigheitar. Det er og forskjellige årstider, så det bidrar til at naturen aldri blir kjedeleg. I naturen der det er mange trær er det moglegheit for klatring og gjømmeleikar. På plassar der det er relativt opent innbyr det til for eksempel sistens leikar og jage-fange leikar. På vinteren får ein moglegheita til sigling, ski, snøballar og liknande (Nordbotten, 2014, s. 120). Kari fortalte også «*Me er mykje ute for å ha fokus på psykisk helse, meistring, og at det er plass til fleire typar leik, herjing, vatn, mykje sigling om vinteren og turar, detta med motorikk*». Så me ser at dei siglar om vinteren. Her kjem og romorienteringsevna inn. Romorienteringseva kan vere avgjerande for kor mykje ein slår seg når ein for eksempel fell av sykkelen. Om ein veit nøyaktig kor kroppsdelane sine er i rommet, og kva du må gjere for å lande på føtene (Nordbotten, 2014, s. 159). Så om barna har god romorienteringsevne, så kan dei for eksempel ta seg for med henda når dei dette når dei springe, og redusera kor vondt dei får i fallet.

Så eg spurde vidare Kari og Berit om me som vaksne i barnehagen kan påverka ungane i uteleik for å utvikle balanse, motoriske ferdigheitar, romorientering og liknande, kategoriar som går under kroppsleg bevisstheit. Både Kari og Berit meinte at det kunne me. Berit fortalte det slik:

*«Ja, om me leggje til rette for det. Det handlar om den bevisste vaksne som ser kva som trengst der og då. Slik som på vetlagrupsa med hinderløypa der det var ein vaksen føre. Så nokon gong må ein kanskje organisera noko, og nokon gonge skjer det naturleg i leiken. Leik er kjempeviktig innan dette teamet»* - Berit

I teorien står det at kroppsleg utfolding er noko som førgår gjennom bevegelse. I barnehagen er ein opptatt av at barna meistra ferdigheitar som tilsvara alderen deira, lære om kroppen, å uttrykkje kroppslegheita på eit sosialt aksepterte måtar eller fremja helsa. I løpet av dagen kjem kroppslegheita tydeleg fram, og kanskje mest gjennom den frie og uorganiserte leiken (Moser, 2013, s. 29-30). Så når me ser på det Kari sa, så ser me at dei eigentleg er ute på tur, men at barna får lov av dei vaksne til å springe og klatre. Då kan me tenkje oss til at det er leik for barna. Ho fortalte at dei lærte kor fort dei kunne springe før dei datt, og korleis dei måtte bevega seg når dei skulle klatre, kor sterke dei er, og kor dei skal halde seg. Dette er kroppsleg utfolding gjennom bevegelse, og bidrar også til at barna får utvikla kroppsbevisstheita si.

#### 4.3 Kvifor er kroppsbevisstheit viktig?

I følgje Osnes m.fl., (2015, s. 121) vil kroppsbevisstheit sei korleis me sjølv ser kroppen vår, reint estetisk, og korleis me bevegar oss og har kontroll på ulike kroppsbevegelsar. Gjennom å springe og klatre fritt, så får barna moglegheita til å lære dette, og samstundes sjå kor mykje dei faktisk klarar, og kva som skal til for å klare det. Berit fortalte om ei jente som hadde klart å klatra opp nokre store steinar, og at ho var så kry når ho hadde fått det til. Berit sa at det handla om meistring. Meistring ser me igjen i at ein har kontroll på bevegelsane sine.

For å klare å for eksempel springe fort i ujamn terreng, så er det viktig at barna får utvikla og lære dette. Som Berit sa, så er dette noko dei vaksne kan organisera slik at barna utvikle og lære dette, men det skjer også automatisk i uteleiken. Så då er det viktig at barna får gode moglegheita til å leike ute, slik at dei utvikle desse ferdigheitene. Når dei gjere det, så kan dei også springe fortare i ujamnt terrenn når dei er ute på tur. I ujamnt terrenn er det fort gjort og dette og slå seg. Med god romorientering som tidlegare nemnt, så er det lettare å ta seg for når ein fell, og redusera kor vondt ein får av fallet.

Barn erfara og skapar seg sjølv, det fysiske og det sosiale miljøet gjennom kroppen. Kroppen er grunnleggjande kommunikasjon og har stor betyding for sosiale relasjoner. Barna lærer om sin og andre sin kroppslegheit gjennom erfaring og handling (Moser, 2013, s. 26-27). Så erfaring og handling er viktig for at barna skal lære om kroppen sin, og då må dei få moglegheita til det også.

Kari fortalte at gjennom uteleik kan ein lære dette om kroppen sin:

*«Eg tenkjer at dei kan læra mykje om seg sjølv, men dei kan læra om korleis dei påverkar andre og sant. Kor hardt kan du dytta i nokon før dei dette, detta med å tilpassa muskelmassen sånn at når du skal bort å gi nokon ein klem så kan du ikkje gjera det så hardt at dei dette i bakken, så ein lære å styra seg sjølv då på ein måte. I samspel med andre. Står du i køen for å vaska deg, kor mykje kan du vera borti andre før det blir vondt, og at nokon føler du er stygg med dei sant» - Kari.*

Her kjem det fram at kroppsbevisstheita har noko å sei for det sosiale også. Ein kan jo tenka seg til om det er eit barn som er sterkare enn dei andre og ikkje er heilt klar over det, så kan dette barnet bli oppfatta av dei andre barna som ein person som dyttar. Dette betyr at det er viktig at barna er kroppsbevisste. Berit nemner at barna har forskjellige muskelmasse, og at dette er noko dei kan lære om for eksempel gjennom uteleik.

Eg spurte så om dei meina det er viktig at barnehagen har fokus på barna sin kroppsbevisstheit. Begge var samstemte i at det var viktig at barnehagen har fokus på dette. Berit fortalte vidare at

*«Det tykkjer eg er viktig for seinare, for sjølvtillit, meistring, min kropp, eg bestemmer over den, alt er i ein samanheng. Og mat, altso mat og kosthald, er og sjølvsagt inni dette» - Berit.*

Opplevinga av meistring er veldig viktig for at barna skal bli engasjerte og motiverte (Osnes m.fl., 2015, s. 22). Så om kroppsbevisstheita bidrar til meistring, så bekreftar det at kroppsbevisstheit er viktig. I rammeplanen står det også at barna skal få moglegheita til å utvikle kroppsbevisstheit, kroppsbeherskelse, koordinasjon og fysiske eigenskapar (KD, 2017, s. 117). Så då ser me at det er viktig at barnehagen har fokus på dette, slik som Berit og Kari også sa.

## 5.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg tatt føre meg problemstillinga «Korleis kan personalet i barnehagen leggja til rette for barn sin utelek for å fremje barn sin kroppsbevisstheit». Her har spesielt vaksenrolla vore ein sentraldel. For å finne ut av dette, så har eg satt meg inn i teori, intervjuet ein pedagogiskleiar og ein styrar.

Noko av det eg følte gjekk igjen var dette med rollar og posisjonar dei vaksne kan ha i uteleiken. Osnes m.fl., (2015, s. 37) skreiv at korleis me er, og korleis rollar og posisjonar me tar, vil påverke barna. Gjennom intervjuet eg hadde med Kari og Berit kom det fram at dei prøvde å vere rollemodellar for barna, og at dei og personalet skulle vere delaktige i uteleiken til barna. Dei nemnte at dei var der for å ta innspela til barna, hjelpe barna, hjelpe dei som ikkje kjem så lett inn i leiken, og sette i gang leik og aktivitetar. Gjennom utsegna deira, så kunne eg gjennom teori identifisera det dei gjorde som forskjellige leikerollar dei vaksne kan ha. Desse rollane er leikerettleiar, leikekamerat, parallel-leikar, tilskodar og igangsetjar.

Gjennom teori og intervju mine meina eg at desse rollane er viktige å vite noko om, og å faktisk bruke desse rollane i utelek. For å oppnå dette er det viktig å vere der barna er, både mentalt og fysisk. Som Berit sa når eg spurte ho om korleis ho stimulerte til utelek:

*«Å vere der som barna er. Ta deira innspel, og hjelpa dei som trenge det. Kanskje vidare utvikla ein leik, og gripe inn der det er behov. Om du ikkje er aktiv i leiken, så er me veldig oppteken av at du skal vera der, visst da skjer noko så veit du kva som har skjedd» - Berit.*

For å fremja barns kroppsbevisstheit fortalte Kari og Berit at dei utfordra og pusha barna til å prøve nye ting. Underveis var det viktig at dei vaksne var der for barna, og hjelpte dei som trengte det. Igjen så påpeikte Kari og Berit at dei prøvde å vere rollemodellar for barna. Berit og Kari sa det handlar om å sjå kor barna er i utviklinga, men også å kjenne barna. Barna er forskjellige og vågar forskjellige aktivitetar. For at dei skulle våge var det viktig at dei vaksne var der med barna og hjelpte dei som trengte det. For eksempel med ei hand å halde i, eller at den vaksne gjere det først, eller berre at den vaksne er tilstades, og fungera som mentalstøtte for barna.

Oppsummert så er dei fem leikerollane vaksne kan ha veldig viktige. Gjennom å ha kunnskap om leikekamerat, tilskodar, leikerettleiar, parallel-leikar og igangsetjar, så blir det lettare å forstå leiken, og å hjelpe barna til å få ein god utelek, så igjen aukar barna sin kroppsbevisstheit. Desse rollane kan ein dra inn der ein utfordrar barna til gjere nye aktivitetar som kan føre til auka kroppsbevisstheit. Barn er forskjellige, og det er då viktig at ein tar ei rolle som passar til dei aktuelle barna, og hjelpe dei til å våge nye aktivitetar. Elles er ord som går igjen i teorien og hjå Kari og Berit: rollemodell, utfordra/pusha, vere der med barna, hjelpe barna, ta deira innspel, motivasjon, engasjement og vurdera den leikesituasjonen. Eg avsluttar med ein setning Berit fortalte:

*«Det handlar om den gode vaksne – kvar er me?»*

## 6.0 Litteraturliste

- Broström, S. (1998). *Social kompetence og samvær : Vi er venner ik'*? Århus: Systime.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Gjerset, A. Holmstad, P., Raastad, T., Haugen, K., Giske, R. (2012). *Treningslære*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Jacobsen, D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2.utg. ed.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen innhold og oppgåver*. Oslo: Departementet. Hentet fra:  
<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>
- Larsen, A. (2017). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg.ed.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Lillemyr, O. (2011). *Lek, opplevelse, læring: I barnehage og skole* (3. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Moser, T. (2013). *Barns kroppsighet som del av barnehagens helhetlige dannelsesoppdrag*. I Moser, T. (red). *Barnas barnehage 3: Kroppsighet i barnehagen: Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (s. 22-42). Oslo: Gylendal Norsk Forlag AS.
- Nordbotten, G. (2014). *Barns fysiske utvikling: Hvordan stimulere barns fysiske utvikling* (2. utg.ed.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Osnes, H., Skaug, Hilde N., Kaarby, K. (2015). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (3. utg. ed.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Skram, D. (2007). *Leik og læring i samspel: Pedagogisk arbeid i småskulen*. Valdres: Det norske samlaget.
- Wolf, K. (2014). *Små barns lek og samspill: I barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Åm, E. (1984). *Lek i barnehagen: De voksnes rolle*. Oslo: Universitetsforlaget.

## Vedlegg

Her leggje eg ved to vedlegg. Vedlegga som blir lagt ved er intervjuguide, og informasjonsskriv og samtykkeskjema.

### Vedlegg 1: Intervjuguide

#### Intervjuguide

Tema: «Vaksen deltaking»

Problemstilling: «Korleis kan personalet i barnehagen leggja til rette for barn sin uteleik for å fremje barn sin kroppsbevisstheit?»

- 1) Kor länge har du jobba som pedagogiskleiar/styrar? Kva utdanning har du?
- 2) Er det mykje uteleik i barnehagen din?
  - I så fall, Kefør/kefør ikkje?

#### Er dei vaksne delaktige i uteleik med barna?

- 3) E dei vaksne delaktige i uteleik med ungane?
  - Kefør/kefør ikkje?
- 4) Ha barnehagen din fokus på å vere ute med ungane?
- 5) Korleis stimulera dei vaksne til uteleik hos ungane?
- 6) E da noko forskjell på vaksendeltakinga til dei vaksne i forskjellige typar leik? (Rollelek, vilter leik, risikoleik, naturleik).
- 7) Ke som avgjer kor deltagande dei vaksne er i uteleiken?
- 8) Er det noko forskjell på kor mykje dei forskjellige vaksne deltar til uteleik med ungane?
- 9) Oppleve du at ungar kan lære om kva deira kropp kan gjere og tåle gjennom uteleik?

#### Barna sine reaksjonar på vaksen deltaking?

- 10) Korleis reagera ungane på at dei vaksne deltar i leiken?
- 11) Korleis reagera ungane på at dei vaksne ikkje deltar i leiken?
- 12) Har du nokon gode tips for korleis vaksne kan delta i leiken på ein god måte, og stimulera til uteleik hjå ungane?

#### Utviklar barn sin kroppsbevisstheit og andre ferdigheitar gjennom uteleik?

- 13) Trur du at de som jobbar i barnehagen kan bidra til at barna utviklar kroppsbevisstheita si?
  - Kefør/kefør ikkje?
- 14) Korleis jobbar du bevisst med at barn skal få lære å kjenne sin eigen kropp, og kva dei og kroppen sin kan klare?

- 15) Kva tenkjer du at barna kan lære om kroppen sin gjennom uteleik?
- 16) Kva trur du barna kan utvikle gjennom uteleik i barnehagen?
- 17) Kor oppleve du at ungane utvikle kroppsbevisstheit?
- 18) Kor oppleve du at dei ikkje utviklar kroppsbevisstheit lika godt?
- 19) Trur du at me som vaksne kan påverke ungane i uteleik til å utvikle balanse, motoriske ferdigheitar, romorientering osv?
- 20) Korleis deltar du i leik for å fremje ungane sin kroppsbevisstheit?
- 21) Meina du at det er viktig at barnehagen har fokus på ungane sin kroppsbevisstheit?

## Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema

### Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet

#### Bakgrunn og formål

Hei!

Eg heite Jarand Røneid, og er ein student på 3.året på barnehagelærar på Høgskulen på Vestlandet som skrive bachelor om temaet «Vaksen deltaking». Problemstillinga mi er «Korleis kan personalet i barnehagen leggja til rette for barn sin uteleik for å fremje barn sin kroppsbevisstheit?» Eg har lyst å intervju deg om dette.

Eg har valt å spørje deg fordi du har utdanning som barnehagelærar og jobbar i barnehage. Så du har ein del erfaring på dette som eg kan få nytte av i studien min.

#### Kva inneberer deltaking i studien?

Eg har spørsmål om korleis dei vaksne deltar i barn sin uteleik, om kor deltokande dei er, når dei er deltokande, kva barna synest om vaksen deltaking, og om uteleik i din barnehage. Om korleis de som vaksne bidrar til å fremje barn sin kroppsbevisstheit. Eg vil intervju deg om dette, helst ansikt til ansikt. Eg kjem til å spele inn lyd på mobilen min slik at eg kan bruke det til transkribering i ettertid.

#### Kva skjer med informasjonen om deg?

Alt kjem til å bli anonymisert i bacheloren min, og eg kjem til å slette lydopptaket når eg har transkribert det. Både du og barnehage vil bli anonymiserte. Det er heilt frivillig å delta, og du kan trekke deg når som helst. Ingen andre enn meg kjem til å høre det opptaket. Prosjektet varar til 2.januar. Svara dine vil være med i ein drøftingsdel i bacheloren, men det vil ikkje vere spørbart tilbake til deg eller barnehagen din.

Det vil ikkje vera mogleg å spore dette tilbake til deg i ettertid.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 02.01.2018. Om noko uføresett skulle oppstå kan prosjektets varigheit bli forlenga til 02.05.2018

#### Frivillig deltaking

Deltakelsen er heilt frivillig, og du kan når som helst trekke deg frå dette utan å oppgjeve noko grunn. Både veiledaren min og eg er underlagt tausheitsplikt, og alt av data blir behandla konfidensielt.

### Samtykke til deltaking i studien

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Dersom du har spørsmål til studien kan du ta kontakt med Jarand Røneid.

Med vennleg helsing

Veiledar: Jostein Rønning Sanderud

HVL: Røygata 6, 6856 Sogndal

Telefon: 57676325

Student: Jarand Øvreengen Røneid

Sandvikvegen 47, 6868 Gaupne

Mobilnummer: 41489885